

FEDJE KOMMUNE
Stormarkvegen 49
5947 FEDJE

skyss 



Saksbehandlar: Ingrid Husevåg Døskeland

Vår ref.: 2022/80845-12

Dykkar ref.:

Bergen, 27.03.2023

Indeksregulering av kommunale kostnader for tilrettelagt skoleskyss til annan skole enn nærskolen og etter kommunalt vedtak - Skoleåret 2023-24

Viser til brev 23.juni 2022 om løysing for kostnadsdeling ved tilrettelagt skoleskyss til annan skole enn nærskole, og brev 05.sep 2022 om løysing for fakturering av kommunale kostnader etter kommunalt vedtak om skoleskyss. I breva er det gitt informasjon om korleis Skyss handsamar og fakturerer desse kostnadene ut til kommunane, og kva satsar som vert lagt til grunn.

Satsane som er lagt til grunn for skoleåret 2022-23 er berekna ut frå dei gjennomsnittlege turkostnadene for tilrettelagt skoleskyss som har vore knytt til skoleplass på annan skole enn nærskolen og til kommunale vedtak om skoleskyss med drosje førre skoleår.

Skyss har evaluert ordningane fram mot neste skoleår, og vår oppfatning er at ordningane er hensiktsmessige. Dei gir meir føreseieleg økonomi for kommunane, legg til rette for månadleg fakturering av kostnader, og gir kommunale eit meir oversikteleg fakturagrunnlag gjennom fagsystemet Skyss Elev. Ordningane gir òg mindre manuelt arbeid og rom for menneskeleg feil. Det er så langt funne at ordningane reflekterer dei faktiske ekstrakostnadene som kommunen er ansvarleg for på ein tilfredsstillande måte. Vi vil derfor vidareføre ordninga med fakturering av desse kommunale kostnadene etter faste satsar.

For å halde kostnadsfordelinga tilsvarande som i skoleåret 2022/23 er det for skoleåret 2023/24 gjort ein indeksregulering av satsane etter dei gjeldande transportkontraktane mellom Skyss og operatørar. Grunna spesielt høg kostnadsauke i transportnæringa det siste året vil de sjå at reguleringa i år gir eit stort utslag.



Grunna noko ulikheit mellom kontraktar er det ein skilnad mellom indeks som er lagt til grunn for kommunale vedtak om skoleskyss i ditt distrikt, og for skoleskyss til annan skole enn nærskole.

Tilrettelagt skoleskyss til annan skole enn nærskolen:

Refusjon for persontakst etter reglane i opplæringslova §13-4 vil skje som normalt, òg for elevar som har drosjeskyss til anna skole enn nærskolen.

Det allereie er gjort fråtrekk av persontakst i satsane lagt fram for drosjetransport i forbindelse med skyss til anna skole enn nærskole, slik at kommunane ikkje får fakturert dobbelt opp for aktuelle elevar. Det er berre reiser med drosje som blir fakturert etter denne modellen.

DROSJE	2022-23	Indeks	2023-24
Ordinære elevar (§ 7-1)	200 kr	19,05%	238 kr
Medisinsk grunnlag (§ 7-3)	135 kr	19,05%	161 kr

Tilrettelagt skoleskyss med drosje etter kommunalt vedtak:

Kostnader for reiser etter kommunalt vedtak er i sin heilskap kommunen sitt ansvar. For reiser med buss blir kommunen fakturert persontakst, uavhengig av reiselengde. Det er berre reiser med drosje som blir fakturert etter denne modellen.

Elevar meldt inn med drosje på kommunalt vedtak i Skyss Elev blir ikkje fakturert for persontakst. Satsane over visar fullstendig turpris eks. mva for den enkelte elev.

	2022-23	Indeks	2023-24
Grunnsats per elev per tur opptil 4km	143 kr	20,28%	172 kr

I tillegg vert det fakturert 5 kr per heile kilometer etter 4km, det blir ikkje noko endring på dette for skoleåret 2023/24.

De vert berre fakturert i høve satsane over dersom de faktisk har elevar som får skoleskyss på kommunalt vedtak, eller som går på ein annan offentleg skole enn sin nærskole.



Ta kontakt med oss på e-post til skoleskyss@skyss.no dersom de har spørsmål knytt til informasjon i dette brevet. Vi ber om at eventuelle innspel vert sendt til Skyss innan måndag 17.april.

Med vennleg helsing,

Målfrid Vik Sønstabø
direktør

Marthe Pedersen
faggruppeleiar skoleskyss

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift